

17 kilo fisk på under eitt døgn

19.06.2012



Jan Gunnar med resultatet av under eitt døgn's fiske

I føremiddag (torsdag) kan ein slå fast at det har vore ein kjempestart for fisket i elva. uskedalen.no har grunn til å tru at det er teke over 50 fiskar og ein som har bidrege i høg grad til det er vindafjording og pensjonert sjømann Jan Gunnar Skogen (66) som på godt under eitt døgn har teke 17,5 kilo fisk. Han har fått 4 laksar og 2 sjøaurar på Døsslandsido og har reist attende til Haugalandet enda meir fornøgd enn etter fjorårsvitjinga hit. Då fekk han 3 laksar.

- Eit flott elv og ein triveleg plass, seier Jan Gunnar som forsikrar at han også har fått seg ein blund i bilen under det døgnet han har vore her. Den største fisken han kan visa fram veg 7,5 kilo og han må altså såvidt stilla bak Jone Rørheim i den høgst uoffisielle konkurransen om den største fisken så langt.

Det er også interessant og gledeleg at fangsten til Jan Gunnar har lite lus på seg. Eit anna poeng er at han fiskar berre med mark. - Eg kjem attende, men eg må først freista lukka i ei elv som ligg nærare heimlassen. Det er Vikedalselva som opnar 1. juli. Der har eg fanga den største fisken eg har fått, ein rusk på 13 kilo, fortel Jan Gunnar.

Ein viktig grunn til den gode starten i Uskedalselva er kombinasjonen av sterk nedbør og deretter minkande vassføring, Det skapte nær sagt ideelle tilhøve måndag og natt til tysdag og då var fiskarane på plass - både frå nær og fjern. Betre PR kunne elva og Uskedalen neppe fått.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen